



Klima i arealplanlegging

Møre og Romsdal fylkeskommune og Kartverket, kan med støtte frå Miljødirektoratet tilby kommunane hjelp til å:

- få kartlagt karbonrike areal
- prioritere og vektorisere relevante arealplanar
- bli betre kjent med verktøya arealrekneskap og klimagasskalkulator for arealbrukssektoren

Vi har leid inn NIBIO til å hjelpe oss. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal bidrar òg i prosjektet.



Kvifor bør kommunane delta i prosjektet?

Prosjektet skal fremje berekraftig og klimavennleg arealbruk gjennom at fleire kommunar tar i bruk arealrekneskap og bereknar klimagassutslepp/-opptak knytt til bruken av areal.

Gjennom prosjektet vil kommunane kunne:

- ta i bruk verktøya i planlegging
- berekne potensialet i planreservar
- berekne klimagasseffekt av restaureringstiltak
- få oversikt over klimagasseffekt av nedbygging av areal
- vurdere forskjellig alternativ i planlegging basert på klimagasseffekt
- sjå effekten av vektorisering av planregister

Målet er å gjere det enklare å synleggjere utfordringar og potensiale, då det vil kunne auke den politiske merksemda og gi avgjerdstakarane betre argument for riktige val.

Kart over karbonrike areal

NIBIO skal lage kart over karbonrike areal for alle kommunane i Møre og Romsdal. Karta vil bli gjort tilgjengeleg for kommunane i årsskiftet 2025/2026. Gjennom karbonkarta bidrar prosjektet til å prioritere områder for vidare arbeid.

Klimagasskalkulator

Prosjektet har betalt for tilgang til NIBIO sin klimagasskalkulator for alle kommunane i Møre og Romsdal i prosjektperioden. Klimagasskalkulatoren vil bli gjort tilgjengeleg for kommunane etter sommaren 2025.

Vektorisering/digitalisering av planar

For å ta i bruk arealrekneskap og berekne klimagassutslepp/-opptak knytt til bruken av areal treng kommunane oversikt over karbonrike areal, og digitalt planregister med fullvektoriserte planar. Med vektoriserte planar meiner vi planar som inneheld redigerbare punkt, linjer, flater og tekst, slik at dei kan bli brukt som inndata i digitale verktøy. Manglande vektorisering fører til stor feilmargin i arealrekneskap og planbasert klimagasskalkulator.

I prosjektet finnst det ein «pott» på 300.000,- som skal bli brukt på innleige av ein ekstern leverandør som skal vektorisere planar. Kommunane som deltar vil dermed få moglegheit til å få dekkja nokre av kostnadane med vektorisering. Korleis denne potten blir fordelt mellom kommunane blir avgjort når karbonkarta og analyse av planar i karbonrike areal føreligg og ein ser kva område det er viktigast å prioritere.

Det vil òg bli gitt digital opplæring i vektorisering av planar slik at kommunane kan gjere jobben sjølv.

Arbeidsverkstad

Det vil bli arrangert fysisk heildags arbeidsverkstad for arealrekneskap og klimagasskalkulator. Arbeidsverkstaden vil ta utgangspunkt i dei vektoriserte planane. Arbeidsverkstaden vil derfor berre bli tilbydt kommunar som har vektoriserte planar i karbonrike areal. Det vil bli halde arbeidsverkstad i kvar av dei 4 regionane i fylket.

Gjennomføring

Prosjektet eignar seg for alle som jobbar med samfunnsplanlegging, arealplanlegging, kart, natur, klima og miljø.

Sjå gjennomføringsplanen på siste sida.

Kva må kommunane gjere?

Kommunane har tre val:

- 1. Delta på webinar og arbeidsverkstad.** For kommunar som allereie har vektoriserte planar.
- 2. Delta på webinar og arbeidsverkstad.** For kommunar som ikkje har vektoriserte planar. Kommunen må vektorisere planar i karbonrike areal, der behovet blir identifisert.
- 3. Berre delta på webinar.**

Val 1 og 2 vil gje større læringsutbytte, og danne grunnlag for å kunne få gode tal ut av verktya arealrekneskap og klimagasskalkulator.

Val 2 gir moglegheit til å få dekkja nokre av kostnadane med vektorisering. «Potten» vil bli brukt til å dekke vektorisering av planar etter ein prioritert rekkjefølgje basert på

karbonkarta og kartanalyse. Prosjektet kan derfor ikkje garantere at alle kommunar som vel alternativ 2 vil få dekt kostnader med vektorisering. Dersom ein kommune som har valt alternativ 2 ikkje får vektorisert planar av ekstern leverandør eller sjølv, vil ikkje kommunen få moglegheit til å delta på arbeidsverkstad.

Prosjektet har fått støtte frå Miljødirektoratet, det betyr at vi må rapportere på eigeninnsats. Kommunane som vel alternativ 1 og 2 må føre timelister pr. person. Timelister skal attesterast av nærmaste leiar og sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Kommunane må dekke kost/reise til arbeidsverkstad sjølv.

Val 3 inneber å berre delta på webinarar som blir tilbydt. Om ein berre blir med på webinarar må ein likevel rekne med å gjere noko «heimearbeid» før webinarar for å få godt utbytte av dei.

Påmelding

Kommunar som vel alternativ 1 eller 2 må [melde seg via nettsida til Møre og Romsdal fylkeskommune](#) . **Frist for påmelding er 27. august 2025.**

Påmelding til kvart webinar og arbeidsverkstad vil komme i kalenderen på fylkeskommunen si nettside på eit seinare tidspunkt. Da må alle som ønsker å delta melde seg på slik at dei får lenke til webinarar og slik at vi kan sørge for eigna lokal til dei fysiske arbeidsverkstadene.

Gjennomføringsplan

NÅR	KVA	KOMMENTAR
KARTLEGGING OG INFORMASJON		
sommar 25	Informasjon til kommunar	
haust 25	Kartlegging av karbonrike areal	NIBIO skal lage kart over karbonrike areal i kommunane.
OPPLÆRING OG TILRETTELEGGING AV PLANAR FOR Å KUNNE BLI BRUKT I AREALREKNESKAP OG KLIMAGASSKALKULATOR		

NÅR	KVA	KOMMENTAR
haust 25	Prioritere planar for vektorisering	Kartverket, fylkeskommunen og Statsforvaltaren hjelper kommunane å prioritere kva planar som skal vektoriserast.
haust/vinter 25	Vektorisering	Innleigd leverandør vektoriserar planar
haust/vinter 25	Opplæring i vektorisering	Digital opplæring/webinar (2 t) om vektorisering av planar.
vinter 25/26	Vektorisering	Kommunane jobbar med vektorisering, med støtte frå fylkeskommunen og Kartverket.
OPPLÆRING I VERKTØY		
vår 26	Digital opplæring	Digital opplæring/webinar (2x2 t) i arealrekneskap og klimagasskalkulator.
vår 26	Arbeidsverkstad	Fysisk heildags arbeidsverkstad for arealrekneskap og klimagasskalkulator. Det vil bli halde arbeidsverkstad i kvar av dei 4 regionane i fylket.